

# EØS-ORGANER

## EØS-KOMITEEN

### Melding til leserne

EØS-komiteens beslutning nr. 87/2014 ble tilbakekalt før den var blitt vedtatt og foreligger derfor ikke.

### AVGJERD I EØS-KOMITEEN nr. 63/2014

063-2014n

av 16. mai 2014

#### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "EØS-avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2013/491/EU av 7. oktober 2013 om endring av vedtak 2009/821/EF med omsyn til lista over grensekontrollstasjonar<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsbeslutning 2013/764/EU av 13. desember 2013 om dyrehelsetiltak for å bekjempe klassisk svinepest i visse medlemsstater<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld føresegner om veterinære tilhøve. Føresegner om veterinære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 4) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkel 1*

I kapittel I i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2009/821/EF) skal nytt strekpunkt lyde:  
"– **32013 D 0491**: Kommisjonens gjennomføringsavgjerd 2013/491/EU av 7. oktober 2013 (EUT L 267 av 9.10.2013, s. 3)."
2. I del 3.2 under overskrifta "RETTSAKTER SOM EFTA-STATENE OG EFTAS OVERVÅKNINGS-ORGAN SKAL TA TILBØRLIG HENSYN TIL", etter nr. 47 (kommisjonsavgjerd 2011/111/EU), skal nytt nr. 48 lyde:  
"48. **32013 D 0764**: Kommisjonens gjennomføringsbeslutning 2013/764/EU av 13. desember 2013 om dyrehelsetiltak for å bekjempe klassisk svinepest i visse medlemsstater (EUT L 338 av 17.12.2013, s. 102)."

<sup>(1)</sup> TEU L 267 av 9.10.2013, s. 3.

<sup>(2)</sup> TEU L 338 av 17.12.2013, s. 102.

*Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsavgjerd 2013/491/EU og gjennomføringsbeslutning 2013/764/EU på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 17. mai 2014, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*)).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 16. mai 2014.

For EØS-komiteen

**Gianluca Grippa**

Formann

---

(\*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.